



## Sakspapir

Saksnr:	Utval:	Dato	
	Formannskapet		
Sakshandsamar:	<i>Jan Olav Osen</i>		
Arkivsaknr.:	15/104	Klassering:	FE - 223, HistSak - 12/133

### Løypekjøring i Stordalen - Søknad om tilskot

**Vedlegg:**

Søknad om tilskot til sporkøyning i Stordalen vinteren 2015

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Austrheim formannskap løyver kr. 15.000,- i tilskot til Stordalen Vel til sporkøyning vinteren 2015.**

**Kostnaden kr. 15.000,- vert dekkja frå post 14903 801 1902.**

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn**

**I skriv av 26.01.15 søker Stordalen vel om kr. 15.000,- til sporkøyring vinter 2015 Stordalen vel har fylgjande formålsparagraf:**

Stordalen Vel (org.nr.912 890 414) stifta 29/11-2013.

**I føremålsparagrafen heiter det m.a.:** ”Stordalen Vel (SVEL) skal medvirke til å videreutvikle Stordalsområdet som hytte, utfarts- og friluftsområde med gode servicetilbud. SVEL skal arbeide for at det blir etablert en god infrastruktur”.

**Konkrete handlingsplanar/tiltak - Skaffa til veie midlar til fellestiltak i området:**

- Arbeida for helsefremjande tiltak og få folk ut i naturen
- Sporkøyring i nærområdet til Stordalen – familievennlege løyper
- Byggja bruer for sikker kryssing av elvar i samband med vinter og sommarturar.
- Merking og opparbeiding av stiar
- arbeida for tilretteleggjing av parkeringsplassar for dagsturistar
- arbeida for betre dekning for mobil, internett og DAB.

**I søknaden vert det presisert fylgjande:**

Utfarten til Stordalen som friluftsområde har auka dei seinare åra, spesielt etter at Stordalen Skisenter vart etablert. Dei siste vintrane har det årleg vore ca. 6000 besøkjande i skisenteret. Vegen til Stordalen er no opprusta. Dette har vi alt sett medfører større utfart til Stordalsområdet. Det vil verta sett opp kart over løypestrase og kven som sponsar tiltaket ved Stordalen Skisenter og andre sentrale stader i Stordalen.

Det er viktig å presisera at dette tiltaket er for ALLE som ynskjer nytta Stordalsområdet.

Vi vonar at vi i framtida kan få ein fleirårig avtale med nordhordlandskommunane, pluss Gulen og Høyanger, som sikrar finansieringa av løypekøyring og brøyting av parkeringsplassar for dagsturistar.

**Vurdering**

Stordalen er eit utfartsområde for Nordhordland, Gulen og Høyanger både sommer og vinter og sporkøyring bidrar til å betre tilgangen for ålmenta.

I Austrheim kommune er det mange som nytter området til rekreasjon og eg finn det rimeleg at kommunen bidrar med kr. 15.000,- til sporkøyring i vinter.

**Konklusjon**

Eg rår til fylgjande:

Austrheim formannskap løyver kr. 15.000,- i tilskot til Stordalen Vel til sporkøyring vinteren 2015.02.17.

Kostnaden kr. 15.000,- vert dekkja frå post 14903 801 1902.

**Sakspartar**